

Aktivt og godt skulekorps treng fleire til å dra lasset

02.10.2009



Korpset 17. mai i år.

Torsdag kveld var det årsmøte i skulemusikken. Årsmeldinga og rekneskapet fortalte om eit aktiv og godt korps med kjekke og positive musikantar. Derimot gjer utfallet av valet at det kan spørkja for korpset si framtid. Det trengst fleire til å dra lasset, understrekar leiinga i ei melding etter årsmøtet.

Monica T. Storevik, Anne Jorunn Kjærland og Marit Stensletten har eitt år igjen av sin styreperiode og held fram det komande året. Anne M. Aksnes, har eitt år som varamedlem bak seg, og ho vart vald inn i styret. Thor Inge Døssland gjekk ut av styret etter ein del år i styresammanheng.

Meldinga held fram:

"Dei 4 som no er valt inn i styret, har såleis alle erfaring frå korpsdrifta. Dei synes alle det er kjekt å delta og vera med i dette verdfulle ungdomsarbeidet, men dei understrekar at ein må ha eit styremedlem og minst eitt, helst to, varamedlemmer til for at dei kan klara å driva korpset vidare.

Dei vender seg sjølvsagt først og fremst til foreldregruppa, men håpar på og at andre kan trø til og ta eit tak for at vi framleis skal skulekorps i bygda. Alle som ønskjer å hjelpe til for å oppretthalda tilbodet må ta kontakt med Marit Stensletten (99574131), Anne Aksnes (47842971), Anne Jorunn Kjærland (92886588) eller Monica T. Storevik(93039091). Dei som ønskjer å vita meir om dette, kan og ta kontakt med dei fire.

Det burde vera mogeleg å løysa dette. Det korpset manglar er altså 2-3 foreldre eller andre som kan gå inn i styreverv. Dette er kjekke og overkommelege oppgåver, for det er meiningsa at foreldra vert oppnemnt i grupper med ansvar for ulike oppgåver etter same mønster som sist sesong.

Skulemusikken har vore eit svært godt tilbod i bygda vår. Sjølv om det er eit aktivt korps, er det ikkje sjølvsagt at vi får behalda dette tilbodet. Dei siste 10-åra er talet på skulekorps i kommunen meir enn halvert. Vi treng dette musikktilbodet. Særleg for dei yngste og for rekrutteringa, er det viktig at det er i bygda.

Det er også viktig med eit variert og godt aktivitetstilbod i bygda slik at ungdommane ikkje vert gåande å slenga gjerandslause jmfr. siste vekers avisoppslag om at politiet må kjøre heim ungdommar."

